



# Innst. 41 S

(2013–2014)

## Innstilling til Stortinget frå utanriks- og forsvarskomiteen

Prop. 10 S (2013–2014)

### Innstilling frå utanriks- og forsvarskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2013 under Forsvarsdepartementet

Til Stortinget

## 1. Samandrag

### 1.1 Føremål og hovudoversikt

#### 1.1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2013. Siktemålet er å skape best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2013 vart vedteke.

På grunn av den komplekse samansetjinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verkty for å sikre god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresestnadene som oppstår i gjennomføringsåret, vert såleis handsama samla og formalisert på rett måte. Regjeringa er oppteken av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som kravet om realistisk budsjettering vert handsama.

Omgrupperingsproposisjonen for 2013 tek føre seg budsjettekniske endringar. I tillegg vert meirinn-tekter for 2013 føreslått formalisert. Totalt utgjer omgrupperinga ein auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 181,847 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke enkelte bestillingsfullmakter.

#### 1.1.2 Tillegsløyvingar

##### MEIRUTGIFTER IT-INFRASTRUKTUR

Som følge av at Statsministerens kontor (SMK) har flytta inn i Forsvarsdepartementet sine lokale, er det i 2013 behov for ein oppgradering av Forsvarsdepartementet sin IT-infrastruktur, som SMK er ein del av. Det er føreslått på denne bakgrunn at forsvarsramma på kap.1760, post 45, vert auka med 2,000 mill. kroner i 2013.

##### MEIRUTGIFTER IFM. OPPDRAG I SYRIA

Det er gitt tilsegn om norske bidrag til oppfølging av Sikkerheitsrådsresolusjon 2118 (2013) om destruksjon av kjemiske våpen frå Syria. Regjeringa stiller til disposisjon eit norsk kommersielt lasteskip som vil kunne vera tilgjengeleg for transport av syriske kjemikalier ut av Syria og for ev. seinare transportbehov. Forsvaret stiller til disposisjon ein fregatt til eskorte av lasteskip, samt diverse støttefunksjonar som vakt og sikring om bord i lasteskipet. På denne bakgrunn er det føreslått gitt ei tillegsløyving på 30,000 mill. kroner til å dekkje Forsvaret sine meirutgifter i samband med eskorteskip og vakt og sikring i ein måned.

#### 1.1.3 Rammeoverføring frå Utanriksdepartementet

I samband med utarbeidinga av forsvarsbudsjettet for 2002, blei det rammeoverført 2,060 mill. 2002-kroner frå kap. 1700, post 1, til Utanriksdepartementet for oppretting av ein spesialrådgivarstilling ved ambassaden i Madrid. Stillinga vart avvikla med verknad frå 1. september 2013, og midlane skal såleis først tilbake til forsvarsbudsjettet. Omrekna beløp utgjer som heilårsverknad 2,756 mill. 2013-kroner. Rammeoverføring for 2013 utgjer fire måna-

der, og Utanriksdepartementet har samtykt i ei rammeoverføring på 0,919 mill. kroner i 2013.

#### **1.1.4 Inndekning av meirutgifter ved kompensasjonsordninga for veteranar**

Det vises til Prop. 207 S (2012–2013) der det vart føreslått at spørsmålet om eventuell inndekning over Forsvarsdepartementet sitt budsjett av meirutgiftene på 254 mill. kroner skal handsamast i nysalderinga av statsbudsjettet for 2013. Regjeringa føreslår at 120,000 mill. kroner av løyvinga som føreslått i Prop. 207 S (2013–2014) vert dekkja innanfor Forsvaret si ordinære ramme ved ein reduksjon av løyvinga på kap. 1760, post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

*Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2013, kjem fram slik (i 1 000-kroner):*

Saldert budsjett 2013	42 224 299
Innst. 333 S (2012–2013) til Prop. 77 S (2012–2013) Tiltak for å styrke samfunnssikkerheten og politiberedskapen	2 520
Innst. 486 S (2012–2013) til Prop. 149 S (2012–2013) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013 (RNB)	481 760
Innst. 488 S (2012–2013) til Prop. 167 S (2012–2013) Endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» («soldatproposisjonen»)	7 404
Budsjettmessige verknader av lønsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2013	203 195
= Faktisk løyving før omgruppering	42 919 178
+ Midlar overførte frå 2012	3 551 145
= Disponible midlar i 2013 før omgrupperinga	46 470 323

*Disponibel løyving på inntektsida, før omgruppering 2013, kjem fram slik (i 1 000 kroner):*

Saldert budsjett 2013	5 207 644
Innst. 486 S (2012–2013) til Prop. 149 S (2012–2013) – Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013 (RNB)	370 385
= Løyvingar før omgruppering	5 578 029

#### **1.1.5.2 INNTEKTER I 2013**

I høve til saldert budsjett for 2013, med dei seinare endringane gjort av Stortinget, vert det ei meirinntekt på 282,488 mill. kroner der 268,928 mill. kroner vert føreslått lagt til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet si

For å finansiere ekstraordinært store utbetalingar forbundne med kompensasjonsordninga i 2013, vert det beløp som er halde tilbake for kampflyinvesteringa for etterfølgjande år, redusert med 120 mill. kroner.

#### **1.1.5 Grunnlaget for omgrupperinga**

##### **1.1.5.1 ØKONOMISK GRUNNLAG**

Grunnlaget for omgrupperinga er vedteke budsjett for 2013, midlar overførte frå 2012 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er òg teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2013.

meirinntektsfullmakt i Prop. 1 S (2012–2013) under romartalsvedtak II.

##### **1.1.5.3 LØYVINGSBEHOV**

Tala i tabellane nedanfor syner løyvingsbehov knytt til omgrupperinga for 2013.

Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førte til utgiftssida	268 928
Tilleggsloøyvingar	32 000
Rammeoverføring frå Utanriksdepartementet	919
Reduksjon av løyvinga på kap. 1760, post 45	- 120 000
= Sum behov ved omgrupperinga	181 847
+ Løyvingar før omgrupperinga	42 919 178
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	43 101 025
+ Midlar overførte frå 2012	3 551 145

= Samla disponible midlar i 2013 etter omgrupperinga 46 652 170

Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Meirinntekter	282 488
+ Løyvingar før omgrupperinga	5 578 029
= Løyvingar etter omgrupperinga	5 860 517

På bakgrunn av dette føreslår regjeringa under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert auka med 181,847 mill. kroner, og at inntektsramma vert auka med 282,488 mill. kroner.

## 1.2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

### Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	378 016	379 726	380 645

#### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert foreslått auka med 0,919 mill. kroner.

Auken på posten skuldast tidlegare rammeoverførte midlar til Utanriksdepartementet som i samband med at ei stilling ved ambassaden i Madrid no er lagt ned, vert førte attende til Forsvarsdepartementet.

### Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	3 060 316	3 093 434	3 137 934
46	Ekstraordinært vedlikehald og komponentutskifting	62 980	162 980	160 180

#### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 44,500 mill. kroner.

Auken på posten skuldast behov for nødvendige tiltak på Nasjonale Festningsverk (13,500 mill. kroner) og eit auka behov på pensjonsforpliktingar hos Forsvarsbygg (51,000 mill. kroner).

#### POST 46 EKSTRAORDINÆRT VEDLIKEHALD

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 2,800 mill. kroner.

Posten er føreslått auka i samband med nødvendig utbetring av råteskader ved Fredrikstad artilleri- og infanterikaserne (4,200 mill. kroner).

Det er òg føreslått ein reduksjon på posten grunna omdisponering av midlar til post 1 for delvis dekking av auka pensjonsforpliktingar (27,000 mill. kroner).

**Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	3 909 425	3 912 925	3 924 668

## POST 1 DRIFTSINNTEKTER

Auken gjeld verkinga av lønsoppgeret i 2013.

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 11,743 mill. kroner.

**Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	237 931	239 212	229 047
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	15 000	15 000	13 271
71	Tilskudd til organisasjonar	69 435	69 435	68 515
78	Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett	240 000	240 000	268 500

## POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 10,165 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast mindrebehov på nasjonale militære stillingar i Belgia (4,500 mill. kroner), mindrebehov for arbeidet med Forsvars- og sikkerheitssektorreform (5,400 mill. kroner), reduksjon på utvalsarbeid i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet (0,090 mill. kroner), reduksjon på utgifter til forsvarsattachéar og militære rådgjevarar (0,500 mill. kroner), reduksjon på utgifter til heilskapleg gjennomføringsplanlegging Forsvarsbygg (0,425 mill. kroner), redusert utbetaling til støtte til analyse-, plan- og utviklingsarbeid (4,500 mill. kroner) samt utsett tilsetting av stilling i EU-kommisjonen (0,500 mill. kroner).

Posten er vidare auka grunna meirutgifter i samband med 8. mai-markeringa og nasjonal veterankonferanse (0,900 mill. kroner). Posten er òg auka for oppdragsfinansierte aktivitetar i Forsvarsbygg (4,550 mill. kroner). Posten er auka med meirinntekter (0,300 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av utgiftsramma, jf. FDs generelle

meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4719, post 1.

## POST 43 TIL DISPOSISJON FOR FORSVARS-DEPARTEMENTET

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 1,729 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast omdisponering til høgare prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet.

## POST 71 TILSKOT TIL ORGANISASJONAR

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 0,920 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast omdisponering til høgare prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet.

## POST 78 NOREGS TILSKOT TIL NATO SITT DRIFTSBUDSJETT

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 28,500 mill. kroner.

Auken skuldast høgare utgifter til NATO sitt driftsbudsjett enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet.

**Kap. 4719 Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	–	–	300

## POST 1 DRIFTSINNTEKTER

Posten vert føreslått løyvd med 0,300 mill. kroner.

Auken skuldast momsrefusjonar og fører til ein parallell auke av utgiftsramma, jf. FDs generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1720 Felles leing og kommandoapparat**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	3 112 185	2 984 462	2 988 117

## POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 3,655 mill. kroner

Auken skuldast ei teknisk endring i betaling for FISBasis (27,405 mill. kroner).

Det er vidare føreslått ein reduksjon av posten knytt til fellesoperative øvingar (8,650 mill. kroner), ein reduksjon knytt til vertslandsstøtte på Ørland i samband med øvingane Artic Tiger og Brilliant Arrow (6,500 mill. kroner) og ein reduksjon av posten som er føreslått overført til kap. 1725 for å dekke delar av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus til avdelingsbefal og venteløn

(3,917 mill. kroner). Posten er vidare føreslått redusert grunna omdisponering til høgare prioritert verksemd i Forsvaret (2,787 mill. kroner), ein reduksjon knytt til overføring av årsverk til det framtidige Forsvarets personell- og vernepliktsenter (0,782 mill. kroner), ein reduksjon knytt til HV-09 si deltaking på øving Rein (0,750 mill. kroner), ein reduksjon knytt til personell i internasjonal teneste (0,268 mill. kroner) og ein reduksjon som følgje av at ammunisjonskontroll overføres frå horisontal samhandlingsfinansiering (HS) til løyvingsfinansiering (0,096 mill. kroner).

**Kap. 1723 Nasjonalt tryggingorgan**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	176 772	178 308	187 108

## POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 8,800 mill. kroner.

Auken skuldast meirinntekter. Inntektene fører til ein parallell auke av Nasjonalt tryggingorgan si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4723, post 1.

**Kap. 4723 Nasjonalt tryggingorgan**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	2 771	2 771	11 571

## POST 1 DRIFTSINNTEKTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 8,800 mill. kroner.

Auken skuldast refusjon av reiseutgifter (0,700 mill. kroner), refusjon av lønsutgifter (3,100 mill. kroner), innbetaling av kursavgifter (2,400 mill. kro-

ner) samt større innbetalningar frå eksterne betalande medlemmer og partnarar i NorCERT enn lagt til grunn i budsjetteringa (2,600 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	2 022 720	2 064 320	2 094 165
50	Overføring Statens pensjonskasse	–	2 300	1 300
70	Renter låneordning	5 670	5 670	8 608

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 29,845 mill. kroner.

Auken skuldast finansiering av meirutgifter knytt til avgang med redusert løn, bonus avdelingsbefal og venteløn (41,361 mill. kroner), meirutgifter ved å leige inn befalsforlegningar i Oslo-området (13,422 mill. kroner), auka reinhaldsutgifter ved overtaking av befalsforlegningane på Linderud og Huseby (4,267 mill. kroner), ein auke knytt til årsverk for det framtidige Forsvarets personell- og vernepliktsenter (3,282 mill. kroner) og ein auke for ein fast liaisonstilling i USA frå august 2013 (0,715 mill. kroner).

Det er òg føreslått ein reduksjon knytt til endring i betaling av FISBasis H/NS-klienter (4,708 mill. kroner), ein reduksjon knytt til auka utgifter ved å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (1,267 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til midlertidige øvingslokale for Marinemusikken i Horten (1,000 mill. kroner). Vidare er det føreslått ein reduksjon knytt til overføring av stillingar frå kap. 1725 til kap. 1795 som gjeld overføring frå Oslo garnisons-

forvaltning til FAKT stab (0,625 mill. kroner), ein reduksjon knytt til personell i internasjonal teneste (0,302 mill. kroner) og ein reduksjon av midlar som vert omprioritert til kap. 1710, post 1, for dekking av meirutgifter til pensjonsforpliktingar i Forsvarsbygg (25,300 mill. kroner).

**POST 50 OVERFØRING STATENS PENSJONSKASSE**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 1,000 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast lågare utgifter knytt til førtidspensjon av sivile enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet. Midlane er føreslått omdisponert til høgare prioritert verksemd.

**POST 70 RENTER LÅNEORDNING**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 2,938 mill. kroner.

Auken skuldast høgare utgifter knytt til rentestønad i Befalets låneordning enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet.

**Kap. 1731 Hæren**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	5 607 269	5 708 331	5 703 193

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 5,138 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten mot ein tilsvarende auke av inntektskapitlet (13,100 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og medfører derfor ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4731, post 1. Vidare er posten føreslått auka som følgje av meirbehov på grunnlønnsutgifter ved internasjonal teneste (9,300 mill. kroner), dekking av justert inntektskrav som følgje av tidligare overført eigedom, bygg og anlegg til kap. 1795 der justering av inntektskravet ikkje vart gjort på kap. 4731 (3,800 mill. kroner) og

ein auke knytt til fellesoperative øvingar (1,300 mill. kroner).

Det er òg føreslått ein reduksjon av posten som vert overført til kap. 1725 for å dekke delar av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus til avdelingsbefal og venteløn (15,841 mill. kroner). Vidare er det forslått ein reduksjon av posten knytt til reinhaldsutgifter ved at ansvaret for befalsforlegningane på Linderud og Huseby er flytta (4,267 mill. kroner), ein reduksjon som følgje av at ammunisjonskontroll er overført frå HS-finansiering til løyvingsfinansiering (4,108 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til auka utgifter ved å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (3,210 mill. kroner), ein reduksjon i samband med personell i internasjonal teneste (2,336 mill. kroner), ein reduksjon knytt til

endring i betaling av FISBasis H/NS-klienter (1,626 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til overføring av

årsverk til det framtidige Forsvarets personell- og vernepliktsenter (1,250 mill. kroner).

### Kap. 4731 Hæren

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	61 642	61 642	74 742

#### POST 1 DRIFTSINNTEKTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 13,100 mill. kroner.

Auken skuldast endring i inntektskravet knytt til sal ved Hærens messer (10,200 mill. kroner), blindgjengarrydding på Hjerkin (3,500 mill. kroner), refusjon etter søkeoperasjon på Senja (1,200 mill. kroner), refusjon for eigendel ved velferdsturar (1,300 mill. kroner) og taps-/skademeldingar

(0,700 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarande utgiftsside og medfører derfor ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Det er vidare føreslått ein reduksjon av inntektskravet som følgje av tidlegare overført eigedom, bygg og anlegg til kap. 1795 der justering av inntektskrav ikkje vart tatt vare på (3,800 mill. kroner).

### Kap. 1732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	3 610 045	3 678 620	3 686 081

#### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 7,461 mill. kroner.

Auken skuldast meirbehov på fellesoperative øvingar (1,300 mill. kroner) og ein auke for dekning av høgare drivstoffutgifter enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet (20,000 mill. kroner).

Det er òg føreslått ein reduksjon av posten som er overført til kap. 1725 for å dekke delar av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus til avdelingsbefal og venteløn (8,332 mill. kroner). Vidare er

det ein reduksjon knytt til endring i betaling av FIS-Basis H/NS-klientar (2,249 mill. kroner), ein reduksjon knytt til auka utgifter ved å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (1,651 mill. kroner) og ein reduksjon som følgje av at ammunisjonskontroll er overført frå HS-finansiering til løyvingsfinansiering (0,958 mill. kroner), ein reduksjon knytt til overføring av årsverk til det framtidige Forsvarets personell- og vernepliktsenter (0,469 mill. kroner) og ein reduksjon som følgje av overføring av ei stilling frå kap. 1732 til kap. 1734 (0,180 mill. kroner).

### Kap. 1733 Luftforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	4 298 998	4 355 431	4 600 356

#### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 244,925 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten mot ein tilsvarande auke av inntektskapitlet (108,637 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarande utgiftsside og medfører derfor ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4731, post 1.

Vidare er det føreslått ein auke knytt til overføring av midlar frå kap. 1790 der midlane vert nytta til operativ testing og evaluering av NH 90 (50,000 mill. kroner), ein auke knytt til vertslandsstøtte på Ørland i samband med øvingane Artic Tiger og Brilliant Arrow (6,500 mill. kroner) og ein auke knytt til fellesoperative øvingar (3,100 mill. kroner). Det er føreslått ein auke for dekking av høgare drivstoffutgifter enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga

av budsjettet (58,526 mill. kroner) og ein auke knytt til meirutgifter ved kjøp av tenester frå AIM SF Norway (29,749 mill. kroner).

Det er òg føreslått ein reduksjon av posten som er overført til kap. 1725 for å dekke delar av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus til avdelingsbefal og venteløn (7,024 mill. kroner), ein reduksjon knytt til utgifter ved å leige inn konsulen-

tar på Helpdesk mv. (1,901 mill. kroner), ein reduksjon knytt til endring i betaling av FISBasis H/NS-klientar (1,305 mill. kroner), ein reduksjon som følgje av at ammunisjonskontroll er overført frå HS-finansiering til løyvingfinansiering (1,028 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til personell i internasjonal teneste (0,329 mill. kroner).

### **Kap. 4733 Luftforsvaret**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	171 363	171 363	280 000

#### **POST 1 DRIFTSINNTEKTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 108,637 mill. kroner.

Auken skuldast inntekter frå samhandlingsavtalen om drift av flyplassar med AVINOR (52,600 mill. kroner), inntekter frå Rygge sivile lufthamn AS

(26,050 mill. kroner), generelle leigeinntekter (27,000 mill. kroner) og inntekter frå garnisonstenester (2,987 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og medfører derfor ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

### **Kap. 1734 Heimevernet**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	1 093 503	1 150 322	1 144 818

#### **POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 5,504 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten knytt til fellesoperative øvingar (2,450 mill. kroner), ein auke knytt til HV-09 si deltaking på øving Rein der midlane er overførte frå kap. 1720 (0,750 mill. kroner) og ein auke som følgje av at ei stilling er overført frå kap. 1732 til kap. 1734 (0,180 mill. kroner).

Det er føreslått ein reduksjon av posten som er omdisponert til høgare prioritert verksemd i Forsva-

ret (3,918 mill. kroner), ein reduksjon som er overført frå kap. 1725 for å dekke deler av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus avdelingsbefal og venteløn (1,313 mill. kroner), ein reduksjon knytt til auka utgifter ved å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (0,494 mill. kroner), ein reduksjon knytt til endring i betaling av FISBasis H/NS-klientar (2,212 mill. kroner), og ein reduksjon som følgje av at ammunisjonskontroll er overført frå HS-finansiering til løyvingfinansiering (0,947 mill. kroner).

### **Kap. 1735 Etterretningstenesta**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
21	Spesielle driftsutgifter	1 115 214	1 136 255	1 134 706

#### **POST 21 SPESIELLE DRIFTSINNTEKTER**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 1,549 mill. kroner.

Reduksjonen er knytt til budsjettekniske omdisponeringar.

**Kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	2 044 686	2 156 408	2 184 465

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 28,057 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten mot ein tilsvarende auke av inntektskapitlet (24,721 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4740, post 1. Det er vidare føreslått aukeingar som følgje av at ammunisjonskontroll er overført frå HS-finansiering til løyvingsfinansiering (7,137 mill. kroner), fellesoperative øvingar (0,500 mill. kroner) og AIM SF

Norway (3,349 mill. kroner), der FLO har meirutgifter i samband med ferdigstilling av testcelle for flymotorar.

Det er føreslått ein reduksjon som er overført til kap. 1725 for å dekke deler av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus til avdelingsbefal og venteløn (2,511 mill. kroner), ein reduksjon av posten knytt til auka utgifter ved leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (3,040 mill. kroner), ein reduksjon knytt til endring i betaling av FISBasis H/NS-klientar (1,474 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til overføring av årsverk til det framtidige Forsvarets personell- og vernepliktsenter (0,625 mill. kroner).

**Kap. 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	127 577	165 812	190 533

**POST 1 DRIFTSINNTEKTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 24,721 mill. kroner.

Det er føreslått å auke inntektskravet på kapitlet som følgje av sal av drivstoff til eksterne og allierte (17,000 mill. kroner), auka salsinntekter ved kjøkken og leieinntekter på Base Kjeller (3,835 mill. kroner), sal av ammunisjon til politiet (2,000 mill. kroner),

refusjonar knytt til prosjekt for attraktive våpen og ammunisjon (1,200 mill. kroner), sal av renovert kvartermateriell (0,500 mill. kroner) og ved refusjonar frå Statens Landbruksforvaltning i høve program ØKO-mat i Forsvaret (0,186 mill. kroner). Inntektene fører med seg ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. FD si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	881 538	1 008 024	1 059 583
44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeidar, nasjonalfinansiert del	31 923	37 923	41 923
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	6 998 359	6 897 320	6 645 815
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeidar, fellesfinansiert del	67 000	67 000	67 000
75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeidar, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for sikkerheit	88 135	82 135	74 281

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 51,559 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten knytt til styrking av investeringsevna gjennom tilsetjing av personell (21,000 mill. kroner), ein auke knytt til kjøp av

produksjonskapasitet ved FLO TV MAR til P6088 Nye fregattar, der utgifta treff post 1 ved horisontal samhandel (11,000 mill. kroner), og ein auke knytt til justering av Nasjonalt tryggingsorgan sin del av investeringsbudsjettet (0,700 mill. kroner). Vidare er det føreslått å auke posten knytt til ei teknisk justering frå kap. 1760, post 45 (20,000 mill. kroner).

Det er òg føreslått ein reduksjon av posten som er overført frå kap. 1725 for å dekke deler av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus til avdelingsbefal og venteløn (0,660 mill. kroner), ein reduksjon knytt til auka utgifter ved å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (0,325 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til overføring av årsverk til det framtidige Forsvarets personell- og vernepliktsenter (0,156 mill. kroner).

**POST 44 FELLEFSFINANSIERTE BYGGJE- OG ANLEGGSSARBEID, NASJONALFINANSIERT DEL**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 4,000 mill. kroner.

Auken er knytt til fleire oppdrag enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet.

**POST 45 STØRRE UTSTYRSSKAFFINGAR OG VEDLIKEHALD**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 251,505 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten mot ein tilsvarende auke av inntektskapitlet (60,450 mill. kroner). Inntektene fører med seg ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4760, post 45. Det er føreslått ein auke av posten grunna auka behov for IT-infrastruktur etter at Statsministerens kontor flytta inn i Forsvarsdepartementet sitt lokal (2,000 mill. kroner).

Post 45 er føreslått redusert grunna kjøp av produksjonskapasitet ved FLO til P6088 Nye fregattar der utgifta treff post 1 ved horisontal samhandel, midlane er føreslått overførte til kap. 1760, post 1 (11,000 mill. kroner). Vidare er det ein reduksjon for å dekke bl.a. meirutgifter for drivstoff og meirutgifter ved kjøp av tenester frå AIM SF Norway (162,255 mill. kroner), og ein teknisk reduksjon for

tilpassing av utgifter til Nasjonalt tryggingsorgan på kap. 1760, post 1 (0,700 mill. kroner). Vidare er det føreslått å redusere posten knytt til ein teknisk justering til 1760, post 1 (20,000 mill. kroner) og ved ein reduksjon på 120,000 mill. kroner for finansiering av utbetalingar til kompensasjonsordninga for skadde veteranar som ikkje var kjent på budsjetteringstidspunktet, ref. Prop. 207 (2013–2014).

I behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2012 slutta Stortinget seg til, som eit eingongstiltak, at det ville vera behov for å halde tilbake midlar på posten frå formål under kap. 1760, post 45, slik dei var angitt i Prop. 1 S (2011–2012) for Forsvarsdepartementet. Desse skulle bli omdisponert til kampflyinvesteringa for etterfølgjande år. For å finansiere ekstraordnært store utbetalingar forbundne med kompensasjonsordninga i 2013, vert det beløp som er halde tilbake for kampflyinvesteringa for etterfølgjande år, redusert med 120 mill. kroner.

**POST 48 FELLEFSFINANSIERTE BYGGE- OG ANLEGGSSARBEID, FELLEFSFINANSIERT DEL**

Løyvinga på posten vert føreslått netto vidareført.

Det er føreslått ein auke av posten mot ein tilsvarende auke av inntektskapitlet (24,400 mill. kroner). Inntektene fører med seg ein parallell auke av Forsvarets utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4760, post 44. Posten er vidare føreslått redusert med 24,400 mill. kroner til dekking av meirbehov på kap. 1719, post 78.

**POST 75 FELLEFSFINANSIERTE BYGGJE- OG ANLEGGSSARBEID, NOREGS TILSKOTT TIL NATO SITT INVESTERINGSPROGRAM FOR SIKKERHEIT**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 7,854 mill. kroner.

Utbetalingane på posten er avhengig av den totale produksjonen i alle dei 28 medlemslanda i NATO, og kan i svært lita grad verte påverka av Noreg. Prognosen er basert på mindre innbetalingskrav frå NATO i 2013 enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet. Midlane er omdisponerte til balansering av budsjettet.

**Kap. 4760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
45	Store nyskaffingar	–	25 961	86 411
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter	67 000	67 000	91 400

**POST 45 STORE NYSKAFFINGAR**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 60,450 mill. kroner.

Auken gjeld meirinntekter knytt til Royalty (11,698 mill. kroner) og sal som følgje av oppgradering av Sting Ray mod 0 torpedo (0,128 mill. kroner), sal av KNM Horten (14,256 mill. kroner), sal av missil til Chile (24,853 mill. kroner), inntekter knytt til konvensjonalbøter (1,901 mill. kroner), inntekter knytt til P4387 Multinational Geospatial Co-production Program (1,359 mill. kroner) og erstatning frå UNITEAM (6,255 mill. kroner). Inntektene med-

fører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**POST 48 FELLESFINANSIERTE BYGGJE- OG ANLEGGS-INNTEKTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 24,400 mill. kroner.

Auken skuldast sluttoppgjær på gjennomføringa av Sindre 1 og Sørreisa NATO Air Defence Ground Environment.

**Kap. 1761 Nye kampfly med baseløysing**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	70 000	70 426	65 169

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 5,257 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast mindre reiseutgifter enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet. Midlane er føreslått overførte til andre områder for balansering av budsjettet.

**Kap. 1790 Kystvakta**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	1 001 965	1 023 076	1 012 945

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 10,131 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten grunna meirutgifter på patruljedøgn for helikopterberande farty (6,774 mill. kroner), ein auke som følgje av meirutgifter knytt til reparasjon av hovudmotor på Nornenklassen (6,500 mill. kroner) og ein auke som følgje av meirutgifter ved innføring av ny arbeidstidsavtale i Forsvaret (ATF) (6,000 mill. kroner). Vidare er det føreslått ein auke knytt til høgare drivstoffutgifter enn det som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet (21,600 mill. kroner), og 0,585 mill. kro-

ner knytt til meirutgifter ved kjøp av tenester frå AIM SF Norway.

Det er òg føreslått ein reduksjon av posten som følgje av ein teknisk justering der midlane er førte på kap. 1733 og knytt til operativ testing og evaluering av NH 90 (50,000 mill. kroner). Vidare ein reduksjon som er overført til kap. 1725 for å dekke delar av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus til avdelingsbefal og venteløn (1,465 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til utgifter ved å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (0,125 mill. kroner).

**Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	573 382	849 394	867 308

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 17,914 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke på posten grunna meirutgifter ved kjøp av tenester frå AIM SF Norway (17,914 mill. kroner). Ved opprettinga av AIM SF

Norway vart det føresett at Justis- og beredskapsdepartementet sin del av utgiftene til drift av redningshelikoptertenesta ikkje skulle belastas meirutgifter

grunna etableringa av AIM SF Norway. Auken er derfor tillagt Forsvaret sin del av driftsutgiftene.

### Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	511 148	785 241	787 078

#### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Auken gjeld verkinga av lønsoppgjeret i 2013.

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 1,837 mill. kroner.

### Kap. 1792 Norske styrker i utlandet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	1 162 524	1 065 653	1 074 291

#### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 8,638 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten mot ein tilsvarende auke av inntektskapitlet (26,000 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og fører derfor til ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4792, post 1. Det er føreslått ein auke av posten knytt til lønsutgifter for personell i internasjonal teneste (3,235 mill. kroner). Det er gitt tilsegn om norske bidrag til oppfølging av Sikkerheitsrådsresolusjon 2118 om destruksjon av kjemiske våpen frå Syria. Det er føreslått stillt til disposisjon eit norsk kommersielt lasteskip som vil kunne vera tilgjengeleg for transport av syriske kjemikalier ut av Syria og for evt. seinare transportbehov. Forsvaret stiller til disposisjon ein fregatt til eskorte av lasteskip, samt diverse støttestruksjonar som vakt og sikring om bord i lasteskipet. På denne

bakgrunn er det føreslått gitt ei tilleggsløyving på 30,000 mill. kroner til å dekkje Forsvaret sine meirutgifter i samband med eskorteskip og vakt og sikring.

Det er òg føreslått ein reduksjon av posten som følgje av ny innretting i Afghanistan og generell innsparing på driftsutgiftene (40,452 mill. kroner). Desse frigjorte midlane er brukt til å finansiere oppfølging av vedtatt ambisjon i langtidsplanen. I denne regjeringa sin politiske plattform er det lagt opp til at nye operasjonar i utlandet skal løyvast i tillegg til ordinær ramme samt at regjeringa vil sørgje for at Forsvaret får tilstrekkelege og stabile rammer. Posten er føreslått redusert som følgje av auka grunnlønsutgifter til norsk personell som deltar i internasjonale teneste (9,300 mill. kroner), ein reduksjon knytt til oppretting av fast liaisonstilling i USA (0,715 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (0,130 mill. kroner).

### Kap. 4792 Norske styrker i utlandet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	10 368	10 368	36 368

#### POST 1 DRIFTSINNTEKTER

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 26,000 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av inntektskapitlet som følgje av Noregs Lead Nation-rolle og derav refusjo-

nar frå andre nasjonar gjennom inngått MOU i Afghanistan knytt til forpleiing, forlegning og drift (26,000 mill. kroner). Inntektene fører med seg ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1795 Kulturelle og allmenntilgjende føremål**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsutgifter	260 651	267 801	271 489

**POST 1 DRIFTSUTGIFTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 3,688 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten mot ein tilsvarende auke av inntektskapitlet (2,500 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og medfører derfor ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kap. 4795, post 1. Vidare er det føreslått ein auke av posten knytt til midlertidige øvingslokale for Marinemusikken i Hor-

ten (1,000 mill. kroner) og ein auke knytt til overføring av stillingar frå kap. 1725 til kap. 1795 som gjeld overføring frå FAKT Oslo garnisonsforvaltning til FAKT stab (0,625 mill. kroner).

Det er òg føreslått ein reduksjon som er overført til kap. 1725 for å dekke delar av meirutgiftene knytt til avgang med redusert løn, bonus avdelingsbefal og venteløn (0,298 mill. kroner) og ein reduksjon knytt til auka utgifter ved å leige inn konsulentar på Helpdesk mv. (0,139 mill. kroner).

**Kap. 4795 Kulturelle og allmenntilgjende formål**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2013	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
1	Driftsinntekter	9 057	9 057	11 557

**POST 1 DRIFTSINNTEKTER**

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 2,500 mill. kroner.

Det er føreslått ein auke av posten som følgje av inntekter ved billettsal og støtte ved arrangement av konsert knytt til Forsvarets musikk (1,800 mill. kroner) og inntekter ved guiding og sal i butikken på Akershus slott (0,700 mill. kroner). Inntektene fører med seg ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**1.3 Bestillingsfullmakter**

Regjeringa foreslår ein auke av bestillingsfullmakter i 2013:

Bestillingsfullmakter under kapittel 1732 Sjøforsvaret, post 1 Driftsutgifter, vert føreslått auka med 240,000 mill. kroner, frå 810,000 mill. kroner til 1 050,000 mill. kroner. Auken gjeld inngåing av langsiktige kontraktar for oppgradering og vedlikehald av dei ulike våpensystema på Sjøforsvaret sine ulike farty. Dette gjer anskaffinga meir pårekeleg, gjev høgare prioritering mot leverandøren og lågare kostnader enn dei tidlegare kortsiktige kontraktane.

Bestillingsfullmakter under kapittel 1733 Luftforsvaret, post 1 Driftsutgifter, vert føreslått auka med 100,000 mill. kroner, frå 750,000 mill. kroner til 850,000 mill. kroner. Auken kjem som følgje av

vedlikehaldsavtalar for transportflya C-130J og dei nye maritime helikoptra NH 90.

Bestillingsfullmakter under kapittel 1791 Redningshelikoptertenesta, post 1 Driftsutgifter, vert føreslått auka med 10,000 mill. kroner, frå 60,000 mill. kroner til 70,000 mill. kroner grunna auke i forplikningar med Agusta Westland i samband med prosjektet Sea King 2020. Føremålet er å halde Sea King operativ fram til 2020.

**1.4 Til informasjon**

I Prop. 207 S (2012–2013) er det fremma forslag om tilleggsløyving til dekking av utgifter etter den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i internasjonale operasjonar.

Tilleggsløyvinga skal dekke utgifter etter ordninga ut 2013. Til saman er det føreslått ein auke på løyvinga på 254 mill. kroner. Det er opplyst i proposisjonen at det i statsråd 23. august vart gjeve samtykke til at Forsvarsdepartementet kunne overskride gjeldande løyving med inntil 100 mill. kroner inntil Stortinget fekk handsama forslaget om tilleggsløyving. Etter at proposisjonen vart framlagd, er det i statsråd 25. oktober gjeve samtykke til at Forsvarsdepartementet kan overskride gjeldande løyving med inntil 254 mill. kroner.

## 2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jens Stoltenberg, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, Regina Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Fremskrittspartiet, Kristian Norheim, Per Sandberg og Christian Tybring-Gjedde, fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, viser til at omgrupperingsproposisjonen for 2013 tar for seg budsjettekniske endringer, og at merinntekter for 2013 blir foreslått formalisert. Totalt utgjør omgrup-

peringa en økning av bevilgningen til Forsvarsdepartementet på 181,847 mill. kroner.

Komiteen merker seg at målsettingen med proposisjonen er å skape best mulig samsvar mellom bevilgningene under de enkelte kapitlene og postene, og endringer i budsjettforutsetningene som har skjedd siden forsvarsbudsjettet for 2013 ble vedtatt. På grunn av den komplekse sammensetningen av kapitlene, med svært variable størrelser, er omgrupperingsproposisjonen et nødvendig verktøy for å sikre god økonomistyring i forsvarssektoren.

Komiteen merker seg at regjeringen også foreslår å øke enkelte bestillingsfullmakter. Komiteen noterer at tilleggsvilgningene har gått til blant annet IT-infrastrukturtiltak og merutgifter i forbindelse med oppdraget i Syria.

Komiteen merker seg at omgrupperingen omfatter kompensasjonsordningen for veteraner.

Komiteen tar øvrige endringer til etterretning.

## 3. Tilråding frå komiteen

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2013 vert det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
Utgifter			
1700		Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 379 726 000 til kr. 380 645 000	919 000
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 3 093 434 000 til kr. 3 137 934 000	44 500 000
	46	Ekstraordinært vedlikehold og komponentutskifting, <i>kan overførast</i> , <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 162 980 000 til kr. 160 180 000	2 800 000
1719		Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 239 212 000 til kr. 229 047 000	10 165 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 15 000 000 til kr. 13 271 000	1 729 000
	71	Overføringar til andre, <i>kan overførast</i> , <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 69 435 000 til kr. 68 515 000	920 000
	78	Noregs tilskot til NATOs driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 240 000 000 til kr. 268 500 000	28 500 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1720		Felles leings- og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 2 984 462 000 til kr. 2 988 117 000	3 655 000
1723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 178 308 000 til kr. 187 108 000	8 800 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 2 064 320 000 til kr. 2 094 165 000	29 845 000
	50	Overføring til Statens Pensjonskasse, <i>kan overførast, vert redusert</i> med ..... frå kr. 2 300 000 til kr. 1 300 000	1 000 000
	70	Renter låneordning, <i>kan overførast, vert auka</i> med ..... frå kr. 5 670 000 til kr. 8 608 000	2 938 000
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 5 708 331 000 til kr. 5 703 193 000	5 138 000
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 3 678 620 000 til kr. 3 686 081 000	7 461 000
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 4 355 431 000 til kr. 4 600 356 000	244 925 000
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 1 150 322 000 til kr. 1 144 818 000	5 504 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 1 136 255 000 til kr. 1 134 706 000	1 549 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 2 156 408 000 til kr. 2 184 465 000	28 057 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45, vert auka</i> med ..... frå kr. 1 008 024 000 til kr. 1 059 583 000	51 559 000
	44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast, vert auka</i> med ..... frå kr. 37 923 000 til kr. 41 923 000	4 000 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, vert redusert</i> med ..... frå kr. 6 897 320 000 til kr. 6 645 815 000	251 505 000
	75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til NATOs investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under</i> <i>kap. 1760, post 44, vert redusert</i> med ..... frå kr. 82 135 000 til kr. 74 281 000	7 854 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1761		Nye kampfly med baseløysing	
	1	Driftsutgifter, <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 70 426 000 til kr. 65 169 000	<u>5 257 000</u>
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, <i>vert redusert</i> med ..... frå kr. 1 023 076 000 til kr. 1 012 945 000	<u>10 131 000</u>
1791		Redningshelikoptertenesta	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 849 394 000 til kr. 867 308 000	<u>17 914 000</u>
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 1 065 653 000 til kr. 1 074 291 000	<u>8 638 000</u>
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 267 801 000 til kr. 271 489 000	<u>3 688 000</u>
<b>Inntekter</b>			
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 3 912 925 000 til kr. 3 924 668 000	<u>11 743 000</u>
4719 (Ny)		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsinntekter, <i>løyvast</i> med ..... frå kr. 2 771 000 til kr. 11 571 000	<u>300 000</u>
4723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 2 771 000 til kr. 11 571 000	<u>8 800 000</u>
4731		Hæren	
		Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 61 642 000 til kr. 74 742 000	<u>13 100 000</u>
4733		Luftforsvaret	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 171 363 000 til kr. 280 000 000	<u>108 637 000</u>
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 165 812 000 til kr. 190 533 000	<u>24 721 000</u>
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	45	Større nyskaffingar, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 25 961 000 til kr. 86 411 000	<u>60 450 000</u>
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 67 000 000 til kr. 91 400 000	<u>24 400 000</u>
4791		Redningshelikoptertenesta	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 785 241 000 til kr. 787 078 000	<u>1 837 000</u>

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 10 368 000 til kr. 36 368 000	26 000 000
4795		Kulturelle og allmennyttige formål	
	1	Driftsinntekter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 9 057 000 til kr. 11 557 000	2 500 000

## II

*Bestillingsfullmakter*

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2013 kan gjere bestillingar utover dei gjevne løyvingane. Den samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 810 000 000 til kr. 1 050 000 000	240 000 000
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... frå kr. 750 000 000 til kr. 850 000 000	100 000 000
1791		Redningshelikoptertenesta	
	1	Driftsutgifter, <i>vert auka</i> med ..... Frå kr. 60 000 000 til kr. 70 000 000	10 000 000

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 2. desember 2013

**Anniken Huitfeldt**  
leder

**Christian Tybring-Gjedde**  
ordfører





